

Leif Bjarne Haukeland  
Austfjordvegen 2638  
5981 Masfjordnes

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 21/494 - 23/3285

Sakshandsamar:  
Sveinung Toft  
sveinung.toft@masfjorden.kommune.no

Dato:  
14.04.2023

## Klage på avslag om innsyn i dokument 21/494 - 22/9685

Det vert vist til dykkar brev av 22.03.2023, der de klagar på avslag om innsyn i dokument 21/494 – 22/9685.

I klagen viser de til at dykkar innsynsrett i saka sine dokument er underlagt forvaltningslova, og ikkje offentlegheitslova, og viser til § 18d i forvaltningslova, som seier at unntaka for innsyn ikkje gjeld for saksframlegg til eitt kommunalt eller fylkeskommunalt folkevald organ. Det vert vidare vist til at saka vart handsama i formannskapet i møte den 05.12.2022, og på bakgrunn av dette meiner de at avslaget som vart gjeve i dokument 21/494 – 22/9685 ikkje er gyldig i medhald av forvaltningslova. På bakgrunn av dette ber de om at avslaget vert omgjort og at de får innsyn i heile dokumentet, ikkje berre vedtaket i saka.

Administrasjonen har vurdert dykkar klage på avslag om innsyn i høve til forvaltningslova sitt regelverk, og ser at vedtaket må reknast som eit enkeltvedtak i medhald av forvaltningslova sin § 2 første ledd bokstav b, og at de som nabo må reknast som part (same regel bokstav e). På bakgrunn av dette vert de gjeve medhald i klagen og difor innsynsrett i saksframlegget til formannskapet, som er dokument 21/494 – 22/9685.

Dette dokumentet vert hermed sendt som vedlegg til dette brevet.

Med helsing

Sveinung Toft  
assisterande rådmann  
*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur*

### Vedlegg:

Sak om utemiljø og støy ved Sandnes skule



**Mottakarar:**

Leif Bjarne Haukeland

Austfjordvegen 5981  
2638

Masfjordnes

Marit Haukeland

Austfjordvegen 5981  
2638

Masfjordnes